



Bykle kommune  
Bykle ser langt

# Eigarskapsmelding

Bykle Kommune 2021

Vedtatt av kommunestyret 29.06.21



# Innhald

1.Innleiing .....	4
Bakgrunn og mål med eigarskapsmeldinga .....	5
Samfunnsansvar.....	5
1.1 Selskapa og føretaka si utvikling og sine strategiar.....	6
1.2 Samfunnsansvarleg forretningsdrift.....	6
1.3 Omsynet til innbyggjarane sine behov.....	6
1.4 Etikk, miljø og sosiale tilhøve.....	6
1.5 Omdøme .....	6
2.Oversikt over selskaps- og samarbeidsformer Bykle kommune er involvert i.....	7
2.1 Interkommunalt selskap (IKS).....	7
2.2 Interkommunalt samarbeid (IS) – må endrast innan 1.1.2024 .....	8
2.3 Vertskapskommunesamarbeid (VKS).....	9
2.4 Aksjeselskap (AS) .....	9
2.5 Stiftelsar .....	10
2.6 Oversikt over alle aktuelle selskapsformer .....	10
3.Prinsipp, motiv og rollar i eigarstyringa .....	11
3.1 Prinsipp for eigarstyring .....	12
3.2 Motiv for eigarskap.....	13
3.3 Roller og ansvar.....	13
4.Konkretisering av eigarstyringa.....	14
4.1 Opplæring av folkevalde.....	14
4.2 Vurdering og val av selskapsform .....	14
4.3 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemد .....	15
4.4. Utarbeiding av eigarskapsmelding.....	15
4.5 Utarbeiding og revidering av styringsdokument.....	15
4.6 Eigarmøte.....	16
4.7 Eigarorganet si samansetjing og funksjon .....	16
4.8 Gjennomføring av generalforsamlinger og representantskapsmøte .....	17
4.9 Samansetjing av styret.....	18
4.10 Krav til kompetanse i styret/styremedlemer .....	18
4.11 Krav til eigenskap, styremedlemmer/styret.....	19
4.12 Valkomité for styreutnemningar i AS og IKS .....	19
4.13 Kjønnsmessig balanse i styra .....	20
4.14 Rutinar for å sikre rett kompetanse i selskapsstyra .....	20
4.15 Styresamansetting i konsernmodell .....	20
4.16 Oppnemning av vararepresentantar .....	20

4.17 Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra.....	20
4.18 Godtgjersle til styremedlemer .....	21
4.19 Registrering av styreverv .....	21
4.20 Arbeidsgjevartilhøyring i sjølvstendige rettssubjekt.....	21
4.21 Utarbeiding av etiske retningslinjer .....	22
4.22 Utøving av tilsyn og kontroll .....	22
5.Overordna prinsipp for Bykle kommune si eigarstyring.....	24
5.1 Ønska, overordna prinsipp for kommunen sine selskap og samarbeid:.....	25
5.2 Oversikt over Bykle kommune sine eigar- og samarbeidsrelasjonar.....	26

## 1. Innleiing

Meldinga består av to delar; eigarskapsmelding og eigarutgreiing.

Føremålet med eigarskapsmeldinga er å skape eit ope tilhøve rundt kommunen si samla verksemd, ved å gi oversikt over kommunen sine eigarinteresser og prinsipp for styring av eigarskap. Eigarskapsmeldinga skal vere det overordna politiske styringsinstrumentet for kommunestyret. Føremålet med eigarskapsmeldinga er også å etterleve kommunelova §26-1, som krev at det minst ein gong i valperioden skal utarbeidast ei eigarskapsmelding, som skal vedtakast av kommunestyret.

Ein grunnleggjande føresetnad for ei aktiv eigarstyring, er at kommunen har klare prinsipp for eigarstyringa og følgjer opp selskapa på ein god måte.

I eigarskapsmeldinga kjem Bykle kommunes sine prinsipp for eigarstyring fram. Eigarskapsmeldinga skal bidrage til å byggje opp eit heilskapleg og føreseieleg eigarskap og leggje grunnlag for gode rutiner både når det gjeld å utvikle eigarstrategi og utøve eigarskap. Meldinga er med på å sikre og utøve ein open, detaljert og kontinuerleg eigarskapstrategi.

I eigarskapsmeldinga får kommunedirektøren fram korleis Bykle kommune følgjer opp sitt eigarskap.

Eigarberetninga for 2021 tar for seg alle kommunens heil- og deleigde aksjeselskap, interkommunale føretak, vertskommunesamarbeid og andre føretak. Eigarberetninga syner eigarlutanane for kommunen, styresamansetting, formål med eigarskapet, siste offentlege årsrapport og årsrekneskap for kvart selskap, og anna informasjon vi ser det som nyttig å opplyse om.

Det er viktig å merke at den finansielle informasjonen som blir presentert i eigarskapsmeldinga og eigarberetninga, baserar seg på tal per 31.12.2019, medan eigarposisjonen til kommunen er per 01.01.2021.

## Bakgrunn og mål med eigarskapsmeldinga

---

Bykle kommune forvaltar betydelege verdiar og løyser ei rekke oppgåver ved bruk av ulike typar selskapsorganisering og ved ulike samarbeidsformer. Desse selskapa kan dels vere eigmanna av Bykle kommune åleine, vere eigmanna saman med andre offentlege organ eller saman med private. Samarbeidsformene med andre offentlege organ gjeld i hovudsak dei andre kommunane i Setesdal.

Slik organisering utanom den vanlege politiske og administrative modellen aukar etter tid i omfang. Dette medfører bl.a. at det blir behov for andre måtar å utøve folkevald styring og kontroll av verksemderområde der selskap og samarbeidsformer leverer tenester til publikum og i nokre tilfelle utfører forvaltningsoppgåver ovanfor publikum. Denne styringa og kontrollen må skje gjennom selskapsorgana.

Eigarskapsmeldinga skal gje ei oversikt av kva Bykle kommune har av selskap og samarbeid, og kva oppgåver som ein forventar løyst av desse.

Vidare skal meldinga klarleggje kva kommunen som eigar forventar av sine selskap og sitt samarbeid. Meldinga skal bidrage til å fastleggje naudsynte rutiner for styring, kontroll, informasjon mv.

Det vert lagt til grunn at kommunen skal være ein aktiv og langsiktig eigar. Eigarskapsmeldinga for Bykle kommune baserer seg på ny Kommunelov (LOV-2018-22-83). Elles held eigarskapsmeldinga seg til KS sine 21 tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Samtlege 21 tilrådingar tek ein stilling til gjennom eigarskapsmeldinga.

### **Eigarskapsmeldinga skal:**

- Etablere og sikre rutiner for systematisk politisk og administrativ oppfølgjing av selskapet eller samarbeidet, slik at kommunen blir ein aktiv, føreseieleg og langsiktig eigar, og sørge for at selskapet eller samarbeidet blir drive i tråd med vedtekter og føremål.
- Gje eit kortfatta, samla oversyn over dei selskap eller samarbeidsavtaler kommunen er del-/eigar av eller deltar i, samt gje generell informasjon om dei ulike selskapsformer og samarbeidsformer.
- Gje forslag til overordna prinsipp for eigarstrategi.

Eigarskapsmeldinga skal rullerast minst ein gong i løpet av kvar kommunestyreperiode og elles når det er naudsynt.

## Samfunnsansvar

---

Kommunar har eit samfunnsansvar. Dette samfunnsansvaret blir ikkje endra eller redusert sjølv om kommunen vedtek å la enkelte oppgåver bli utført av selskap eller ulike samarbeidsformer. I sterkare grad enn private eigarar, der ei sterkt drivkraft er profitt og økonomisk verdiskaping, må Bykle kommune som eigar ha større strategisk fokus på den einskilde teneste og denne tenesta sin plass i kommunen si samfunnsutvikling. I dette perspektivet er det i kommunen og mottakarane sine interesser at kommunen utøver aktiv eigarstyring slik at selskap og føretaka kan utvikle seg slik kommunen meiner er rett.

Kommunen må leggje eit heilskapleg, politisk samfunnssyn til grunn, og selskapa si verksemd må i denne samanheng vurderast på same måte som kommunen si øvrige verksemd.

## **1.1 Selskapa og føretaka si utvikling og sine strategiar**

Vedtekten seier noko om formålet med etablering av selskapa og dei kommunale føretaka; tilsvarande for avtalene som ligg til grunn for IS, AS, IKS og VKS. Sjå presentasjon av selskapsforma frå side 7-10.

Formålsparagrafen er ei ramme som skal nyttast som fundament i utvikling av selskapa sine strategiar. Kommunen må difor syte for å få vedtatt klare formålsparagrafar og elles klart definere kva som er styringsgrunnlaget for styret.

## **1.2 Samfunnsansvarleg forretningsdrift**

Samfunnsansvarleg eigarskap og samfunnsansvarleg forretningsdrift kan generelt knytast til forventningar frå samfunnet si side om at verksemder og deira eigarar bør take eit ansvar som går ut over kortsiktig profitt. Å take omsyn til dei økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda sine aktivitetar, må vere ein del av verksemda sin strategi.

## **1.3 Omsynet til innbyggjarane sine behov**

Kommunalt eigde selskap og samarbeid er normalt oppretta for å ivaretake eit samfunnsansvar: Levere grunnleggande tenester til innbyggjarane.

Spørsmålet om korleis omsynet til innbyggjarane sine behov og samfunnet sine felles verdiar kan kombinerast med effektivitet og lønsemd skal derfor stå sentralt i utøving av eigarstyring og for korleis bedrifa verkar og kommuniserer.

## **1.4 Etikk, miljø og sosiale tilhøve**

I dag blir det forventa at bedrifter integrerer samfunnsansvar i forretningsdrifta og i utøving av eigarstyring. Bedriftene sine interesser har forventningar til at eigaren tek etiske, miljømessige og sosiale problemstillingar som er relevante i høve til kjerneverksemda, på alvor. Dette kan være tilhøve som er av verdi for folk generelt og kundane/brukarane spesielt.

Kommunalt eigde bedrifter blir oppfatta i større grad enn private som ein integrert del av samfunnet, og folk sine forventningar til dei miljømessige og sosiale konsekvensane er desto større.

## **1.5 Omdøme**

Omdøme kan kortfatta beskrivast som summen av dei eigenskapane ein blir tillagt av andre. Slike oppfatningar blir forma av erfaring, dialog med tilsette eller folkevalde, medieomtale, informasjon gitt av kommunen mm. Kjernen i utviklinga av eige omdøme er å skape gode røynsler og syte for god informasjon. Selskapa og samarbeid blir i denne samanheng ein integrert del av kommunen si eiga omdømebygging, og må få melding frå eigar om kva for krav som blir stilt for å etablere eit godt omdøme.

## 2. Oversikt over selskaps- og samarbeidsformer Bykle kommune er involvert i

---

Ved etablering av nye selskap er det kommunen sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål og kommunen sitt behov for styring.

Kommunen må vere bevisst i sitt val av organisering.

Under presenterast dei brukte selskapsforma i Bykle.

### 2.1 Interkommunalt selskap (IKS)

Eit interkommunalt selskap (IKS) etter lov om interkommunale selskapa (IKS-lova) av 29. januar 1999 nr 6 kan berre opprettast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Eit IKS er eit eige rettssubjekt, som både rettsleg og økonomisk er skild frå deltakarkommunane. Selskapet har dermed sin eigen formue og sine eigne inntekter og svarar sjølv for sine plikter.

Det er selskapet sjølv som går inn og er part i avtaler.

Lovpålagde oppgåver som for eksempel brannvesen, revisjon og arkiv, samt tenester der det kan vere rekningsvarande og strategisk å utføre i fellesskap med andre, er eksempel på verksemder som eignar seg for IKS. Vidare kan det gjelde regionale utviklingsoppgåver og prosjekt.

Forvaltningsoppgåver (myndigheitsutøving) kan normalt ikkje leggjast til eit IKS, då må det i tilfelle vere lovmessig heimel for det.

Selskapet sin øvste myndigkeit er representantskapet, og deltakarkommunane sine eigarmyndigheter blir utøvd av representantskapet. Dette inneber at den enkelte deltakarkommunane ikkje kan utøve eigarmyndigkeit direkte ovanfor selskapet sitt gjennom styre eller administrasjon. På den andre sida har kommunestyret instruksjonsrett ovanfor sine medlemer i representantskapet. Kvar deltakarkommune skal ha minst eit medlem i representantskapet. IKS-lova legg særlege oppgåver til representantskapet, som fastsetting av rekneskap, budsjett, økonomiplan, val av revisor, samt vedtak om for eksempel større kapitalinvesteringar.

IKS-lova bestemmer at det skal utformast ei selskapsavtale (vedtekter) og lova stiller minimumskrav til innhald. Selskapsavtala skal vedtakast av kommunestyra i alle deltakarkommunane.

Eit IKS skal ha eit styre og ein dagleg leiar som står ansvarleg for forvaltinga av selskapet. Det høyrer under styret å forvalte selskapet på vegne av deltakarkommunane. Styret leier selskapet si verksemrd og det har ansvar for at dei verdiar som deltararane har i selskapet, blir brukta forsvarleg og i tråd med formålet til selskapet. I forvaltinga av selskapet er styret underlagt representantskapet og det må følge vedtak og retningslinjer som representantskapet fastset. Styret sin forvaltningsmyndigkeit må vidare utøvast innanfor ramma av selskapsavtala og selskapet sitt årsbudsjett.

Dagleg leier blir tilsett av styret med mindre det er vedtektsfeste at dagleg leiar skal tilsetjast av representantskapet. Selskapet er arbeidsgjevar. Utvikling av arbeidsgjevar sin politiske strategi for selskapet ligg til styret.

Lova regulerer tilsette sin representasjon i styret.

Eit særtrekk ved IKS er at kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein prosent eller ein brøkdel av selskapet sine samla plikter. Dette skil interkommunale selskap frå aksjeselskap, der deltakeransvaret er avgrensa. Samla skal deltakarane sine ansvarsandelar utgjere selskapet sine samla plikter.

Forskriftene til IKS-lova har reglar om årsbudsjett og økonomiplan, og krav til årsrekneskap og årsmelding. Av forskriftene fylgjer også reglar om periodevis rapportering, samt krav om KOSTRA-rapportering. I selskap der deltakarkommunane betalar tilskot, er selskapet sitt budsjett ikkje endeleg før deltakarkommunane sine budsjett er behandla.

## 2.2 Interkommunalt samarbeid (IS) – må endrast innan 1.1.2024

Kommunelova sin gamle § 27 har reglar om at kommunar og fylkeskommunar kan ”opprette eige styre til løysing av felles oppgåver”. Deltakarkommunane må inngå ei samarbeidsavtale.

I praksis har slike samarbeid vore nytta til løysing av felles driftsoppgåver, så som innkjøp, drift av tekniske anlegg, sekretariatsfunksjonar og liknande. Eit IS vil normalt ikkje vere eit sjølvstendig rettssubjekt. Eit IS kan ikkje tilleggjast forvaltningsoppgåver (myndighetsutøving).

Eit IS skal ha eit styre. Styret må tildelast ei viss sjølvstendig avgjerdsmakt, men den må være avgrensa til avgjersler som vedkjem verksemda si drift og organisering. Styret sin rolle og sitt tilhøve til samarbeidskommunane må utformast i samarbeidsavtala/vedtekten.

### **Endringar i §27-samarbeid**

To nye modellar for interkommunalt samarbeid er lovfesta i den nye kommunelova og gjeld frå 1. januar 2020. Dei nye modellane er interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap. Alle dagens §27-samarbeid må ta stilling til kva modell eller selskapsform verksemda skal vidareførast i frå og med 01.01.2024. Dei har altså fire år på å endre § 27-samarbeidet til ein ny modell.

Kommunalt oppgåvefellesskap (KO) er ein av modellane som dagens §27-samarbeid kan bli omdanna til innan slutten av 2023. Overordna vil KO vere ei meir regulert samarbeidsform enn §27-samarbeid, og dermed også meir lik IKS-modellen. To eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan frå 1. januar 2020 saman opprette eit kommunalt oppgåvefellesskap for å løyse felles oppgåver. Eit oppgåvefellesskap kan ikkje gjevast fullmakt til å treffe enkeltvedtak. Oppgåvefellesskapet kan likevel gjevast fullmakt til å treffe denne typen vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar. Når det blir oppretta eit oppgåvefellesskap, skal det inngåast ei skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet.

Det er kommunane sjølv som må vurdere kva modell dei meiner er mest tenleg for samarbeidet, og kva modell dagens §27-samarbeid skal vidareførast i, eit KO, IKS eller eventuelt ei anna organisering.

Her er det særleg viktig å sjå til kva oppgåver og tenester det er tal om, og vurdere kva modell som kan gje best og mest mogeleg effektiv løysing av oppgåvene til beste for innbyggjarane.

## **2.3 Vertskommunesamarbeid (VKS)**

Kommunelova sin §20 gjev kommunane høve til at ein eller fleire kommunar (samarbeidskommunar) kan inngå avtale om at ein annan kommune (vertskommune) overtek det daglege arbeidet på eit nærare oppgitt ansvarsområde. Slike avtaler må gjerast av kommunestyret. Lova set visse minstekrav til innhaldet i avtala. Kvar enkel deltar kan seie opp deltagartilhøvet sitt med eit års skriftleg varsel.

Det er to typar vertskommuneordningar - ei med ei felles folkevald nemnd og ei utan (administrativt vertskommunesamarbeid).

Skiljet har konsekvensar for kor mykje makt som kan overlastast til vertskommunen. Vertskommunesamarbeidet i seg sjølv er ikkje eit eige rettssubjekt. Felles for modellane er at administrasjonen i ein vertskommune overtek det daglege arbeidet med dei oppgåvene som er lagt til vertskommunen.

Modellen har som siktemål å tilby interkommunale løysingar for dei lovpålagde ansvarsområda til kommunane. Lovregulering av vertskommunemodellen skal gjere det forsvarleg å overlate oppgåver og ansvarsområde med tilhøyrande forvaltningsoppgåver (maktutøving) til ein annan kommune.

Det personell VKS har behov for skal tilsetjast i vertskommunen.

## **2.4 Aksjeselskap (AS)**

Aksjeselskap er regulert i aksjelova. Selskapet er eige rettssubjekt. Det viktigaste trekket ved aksjeselskapsforma er at aksjeeigarar ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar ut over innskoten kapital.

Aksjekapitalen i eit aksjeselskap må vere på minimum kr. 30 000.

Eit aksjeselskap kan ha ein eller fleire eigarar (aksjonærar). Lovgivinga set ingen grenser for kven som kan vere aksjeeigar i eit aksjeselskap. Selskapsforma er difor god når ein ønskjer å ha ulike grupper av eigarar eller legge til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan vere eigarar. Aksjeselskap er ei selskapsform som er særleg innretta på at selskapet driv si verksemd i eit marked. Innretninga av selskapsforma byggjer på den risiko som slik konkurransesponert verksemd kan innebere.

Det er generalforsamlinga som er selskapet si øvste makt. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle selskapssaker, med mindre lova har overlate avgjerdsmakta til andre organ. Det er gjennom generalforsamlinga at aksjeeigarane utøver den øvste mynde i selskapet. Generalforsamlinga godkjenner selskapet sitt årsrekneskap og si årsmelding, samt eventuelle andre saker som vedtekten har lagt til den ordinære generalforsamlinga å avgjere. Styreleiar og dagleg leiar skal møte på generalforsamling. I AS med fleire enn 200 tilsette er bedriftsforsamling obligatorisk.

Eigarmakta i eit aksjeselskap må utøvast gjennom generalforsamlinga. Dette betyr at kommunen som aksjeeigar ikkje kan intervenere utan at dette skjer i form av ei avgjerd frå generalforsamlinga. I generalforsamlinga kan eigarane gjennom generalforsamlingsvedtak fastsetje rammer og gje nærare reglar for styret og dagleg leiar av selskapet. Det er generalforsamlinga som vel styret.

Aksjonæravtaler blir ofte nytta for å detaljere tilhøvet mellom aksjonærane. Aksjonæravtalen kan regulere ulike eigarspørsmål som stemmerett, fordeling av styrelassar, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett.

Styret har det overordna ansvar for forvaltninga av selskapet. Som hovudregel er det styret som tilset dagleg leiar og er den sin overordna. Dagleg leiar skal styre selskapet etter dei planar, retningslinjer og prinsipp som styret har vedtatt.

Ein aksjonær har rettar i eit AS avhengig av kor stor del av selskapet vedkomande eig. For kommunen er det difor viktig at eigarandelen er tilpassa kommunen sitt føremål med eigarskapet. Dersom kommunen har strategiske mål for eigarskapet sitt, bør den ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av dei røysteføre aksjeeigarane i selskapet.


## 2.5 Stiftelsar

Stiftelsar er regulert i stiftseslova. Ein stiftelse skil seg frå dei andre selskapsformene ved at den ikkje har nokon eigarar eller deltagarar. Stiftelsen er sjølegegande og har ikkje noko eigarorgan. Når stiftelsen først er oppretta, har stiftarane ikkje lenger råderett over formueverdien som er overført til stiftelsen.

Ein stiftelse kan være eigna dersom ein ønskjer å skilje ut verksemda og gje fullt sjølvstende. Stiftsesforma er ikkje egna dersom kommunen ønskjer å styre, ha innverknad på eller øve kontroll. Dei einaste måtane kommunen har innverknad på etter at stiftelsen er oppretta, er gjennom val av medlemer til styret og gjennom å sette vilkår for eventuelle økonomiske tilskot.

## 2.6 Oversikt over alle aktuelle selskapsformer

Bykle kommune er ikkje involvert i kommunalt føretak (KF) og samvirke



### **3. Prinsipp, motiv og rollar i eigarstyringa**

KS Folkevalgtprogram 2019-2023 har gitt ut: [«Anbefalingar om eierskap, selskapsledelse og kontroll»](#)

Denne saka gjev tilråding om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll på følgjande område:

1. Velje selskapsform utifrå formål og behov.
2. Skile mellom skjerma verksemد og verksemد i konkurranse med private.
3. Sørge for god kunnskap til folkevalde om eigarskap.
4. Utarbeide ei årleg eigarskapsmelding eller ein rapport om føretaka for kommunestyret eller fylkestinget.
5. Revidere styringsdokumenta og avtaler jamleg.
6. Halde jamlege eigarmøte.
7. Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnemnast som representantar i eigarorganet.
8. Sørge for vedtekter om innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøta.
9. Sørgje for god samansetning og kompetanse i styret.
10. Vedtektsfeste bruk av valkomité ved styreutnemningar.
11. Sørgje for balansert kjønnsrepresentasjon i styrene.
12. Lage rutiner for å sikre naudsynt kompetanse i selskapsstyra.
13. Som hovudregel bør styremedlemer i morselskapet ikkje sitte i styra til dotterselskapa .
14. Oppnemne numeriske vararepresentantar.
15. Etablere rutiner for vurdering og handtering av habilitet.
16. Foreta ei prinsipiell avklaring av godtgjersle for styreverv.
17. Registrere styreverv i KS Styrevervregister.
18. Sørgje for at sedskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
19. Sørgje for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningslinjer for selskapsdrifta.
20. Avklare forholdet mellom kommunedirektören og dagleg leiar av føretaket ved skiping av kommunale eller fylkeskommunale føretak.
21. Sørgje for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve sin funksjon på ein god måte.

Bykle kommune legg disse prinsippa, så langt dei er aktuelle for våre eigartilhøve, til grunn for etablering av prinsipp for eigarstyring og for naudsynte rutiner for å oppnå desse prinsippa.

Systematisk sett bør det vere eit sett med prinsipp og reglar som er retta mot kommunen som eigar, og eit sett som er retta til selskapa og samarbeida, sjå under.

Bykle kommune står fritt til å innføre prinsipp og reglar for selskap kommunen eig fullt ut, men må følgje lovmessige krav og reglar. For selskap som også har andre eigarar, og for samarbeid som per definisjon har fleire deltaradar, må slike prinsipp og reglar i tilfelle innførast etter avtale med dei andre partane.

### **3.1 Prinsipp for eigarstyring**

Eigarstyringa i Bykle kommune skal vere i samsvar med følgjande prinsipp:

#### **Prinsipp 1 - Samarbeids-/selskapsspesifikke eigarstrategiar**

Det skal utarbeidast ein eigarstrategi for kvart enkelt samarbeid/selskap som melder kvifor kommunen er eigar og kva kommunen vil oppnå med eigarskapen sin.

Strategien skal utformast slik at det tydeleg kjem fram korleis kommunen sine prinsipp for eigarstyring blir følgd opp.

#### **Prinsipp 2 - Aktivt eigarskap og politisk forankring**

Eigarstyringa skal utøvast gjennom formelle eigarkanalar, og utøvinga av eigarskapet skal vere politisk forankra.

#### **Prinsipp 3 - Openheit**

Kommunen skal for eigarskapen og samarbeida sine streve etter mest mogeleg openheit om alle tilhøve, med unntak av saker underlagt teieplikt, personalsaker, saker av forretningsmessig karakter og liknande.

#### **Prinsipp 4 - Samfunnsansvar**

Kommunen skal fremje samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen sine eigne klima- og miljømål skal vere førande.

#### **Prinsipp 5 - Kapitalstruktur**

Kommunen skal bidra til at selskapa har ein føremålstenleg kapitalstruktur basert på formålet og stoda til selskapet.

#### **Prinsipp 6 - Styresamansetting**

Kommunen som eigar er ansvarleg for at det blir valt eit styre som har allsidig og relevant kompetanse ut ifrå selskapet sin eigenart. Lovmessige krav knytt til kjønnsrepresentasjon i styra skal følgjast. Det blir tilrådd bruk av valkomité spesielt i dei tilfella der kommunen er ein av fleire eigarar for å sikre rett samansetjing av styret.

#### **Prinsipp 7 - Godtgjersle**

Kommunen vil arbeide for at styret si godtgjersle står i rimeleg tilhøve til ansvar, kompetanse, tidsbruken til styret og verksemda sin kompleksitet.

Den daglege leiaren sitt lønsnivå i selskap der kommunen er ein framståande eigar skal ligge på eit konkurransedyktig nivå, men ikkje vere lønsleiske.

## **3.2 Motiv for eigarskap**

Etablering eller medverknad i eit selskap skal grunngjenvast i ein eller fleire av følgjande målsetjingar:

### **Effektivisering av tenesteproduksjonen**

Auka produksjon med same ressursbruk eller same produksjon med redusert ressursbruk.

### **Politisk/regionalpolitisk motivert**

Eigarskap som er motivert og grunngitt i at dei styrkar kommunen/regionen sine moglegheiter og posisjonar regionalt og/eller nasjonalt. Her kan også posisjonering for å utløse statlege midlar vere ein del av grunngjevinga.

### **Samfunnsøkonomisk motivert**

Eigarskap som er motivert og grunngitt i at kommunen gjennom selskapet vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomiske gunstige resultat/gjennomføring av oppgåver.

### **Samfunnsstrategisk motivert**

Eigarskap som er motivert og grunngitt i kommunen sitt ønske om å nå samfunnsstrategiske mål, slik som t.d. utbyggjing av infrastruktur eller tilrettelegging på andre måtar.

### **Finansielt motivert eigarskap**

Selskapsdanningar der motivet og grunngivinga for eigarskapet er avkastning på innskote kapital. Dette er normalt sett ikkje aktuelt for Bykle kommune.

## **3.3 Roller og ansvar**

Ein tydeleg rolleavklaring mellom dei ulike organa, ordførar og kommunedirektør er eit sentralt tiltak for å legge til rette for god eigarstyring og god internkontroll i kommunen si eigarutøving.

Følgjande rolle- og ansvarsdeling er hovudregelen:

### **Formannskapet si rolle og ansvar**

Formannskapet er næringspolitisk utval. Dei kan handsame søknader om støtte på under kr 500 000. I Bykle kommune blir mange sakar handsama i formannskapet før det går til kommunestyret. Søknader over kr 500 000 vert handsama i formannskapet, før endeleg vedtak i kommunestyret.

### **Kommunestyret si rolle og ansvar**

Kommunestyret er ansvarleg for all kommunal verksemd. Kommunestyret styrer i samsvar med dei rammene som følgjer av lovgjevinga for den selskapsforma som er vald. Kommunestyret behandler prinsipielle saker som eigarmelding og anna som går fram av lover og føringar.

## **Kontrollutvalet si rolle og sitt ansvar**

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av eigarskapen til kommunen. Formålet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll. Eigarskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typer selskap og samarbeid, men omfanget av eigarskapskontrollen blir påverka av eigarpart og organisasjonsform.

## **Rolla og ansvaret til ordføraren**

Ordførar møter som kommunen sin representant i selskapa sine eigarorgan (representantskap og generalforsamling), med dei føringane kommunestyret gir. Ordføraren kan deleger representasjonsretten til varaordførar. Det kan også vere aktuelt å gje delegert fullmakt til andre.

For IKS (IKS-lova § 6) så vel kommunestyret kven som er kommunen sine representantar og det er ikkje høve til å gje andre fullmakt. Difor bør det oppnemnast meir enn ein vararepresentant for å sikre at kommunen alltid kan stille.

## **Rolla og ansvaret til styret**

Styret har ansvar for forvalting og forsvarleg organisering av verksemda. Styret skal fastsetje planar og budsjett og kan også fastsetje retningslinjer for verksemda. Styret er ansvarleg for å sikre at verksemda har god internkontroll og formålstenlege system for risikostyring. Styret tilset og følgjer opp dagleg leiar. Styret utarbeider og legg fram vedtaksgrunnlag til eigarorgana til selskapet. Særlovene regulerer juridisk ansvar som følgjer styrevervet.

## 4. Konkretisering av eigarstyringa

### **4.1 Opplæring av folkevalde**

Som alt nemnt tidlegare i denne meldinga, må dei folkevalde si styring av selskap og samarbeid skje gjennom selskapsorgana. Dette forutset naudsynt kjennskap til tilhøve som avvik frå den ordinære politiske styringa av kommunen. Det vil ut frå dette vere behov for ei generell opplæring av alle nye folkevalde ved byrjinga av kvar valperiode. Det bør i tillegg gjevast ekstra opplæring til dei personane som kommunen vel til styringsorgana.

- Alle nye folkevalde skal gjevast generell opplæring i styring og kontroll av kommunen sine selskap, i samanheng med opplæringa i byrjinga av kvar valperiode.
- Kommunedirektøren skal sørge for at rørde leiarar og saksbehandlarar får naudsynt opplæring.

### **4.2 Vurdering og val av selskapsform**

For dei selskapa/samarbeidande som kommunen har, viser arbeidet på førehand at type organisering er vurdert, og til dels diskutert politisk, ved opprettinga eller inngåinga av avtalene.

- Ved etablering av nye selskap eller samarbeidsavtaler skal kommunen vere bevisst i sitt val av organisering. Kommunedirektøren skal i si sakshandsaming vurdere alternativ og grunngjeve valet.

#### **4.3 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemeld**

- Der det er påkravd, vil kommunen syte for fysisk og formelt skilje mellom monopol og konkurranseverksemder som blir drivi av selskap eller samarbeidsordninga.

#### **4.4. Utarbeiding av eigarskapsmelding**

Eigarskapsmeldinga bør rullerast ved behov, og minst ei gong i kvar valperiode.

Det kan passande skje i samanheng med rulleringa av kommuneplanen.

Forma på, og innhaldet i ei eigarskapsmelding bør jamleg drøftast.

Kommunestyret bør drøfte kva ein vil oppnå med det enkelte selskap/samarbeid.

#### **4.5 Utarbeiding og revidering av styringsdokument**

Kommunen må til ein kvar tid vurdere og eventuelt endre på selskapa og samarbeida sine formål, og strategien for å nå måla. Som utgangspunkt må kommunen vurdere om selskapet/samarbeida sine formålsvedtekter er rette, dekkjande og klargjerande for kommunen sine mål med å opprette og drive verksemda. Vidare må kommunen vurdere selskapa sine tilbakerapporteringar (årsmelding, rekneskap og anna rapportering) opp mot formålet.

Det bør fastsetjast krav til tilbakemeldingar frå selskapa, og for handsaming av dette i kommunen. Kommunestyret har bede om at innkallingar til generalforsamlingar i heileigde AS blir lagt fram for kommunestyret til handsaming og eventuelle vedtak/direktiv.

Det blir vist til nærmere oversikt over kvart enkelt selskap/føretak i eigarutgreiinga, der formålsvedtekten for alle selskapa er attgjevne. For dei aller fleste er formålet klart og utfyllande gjort greie for. For dei selskapa der eigarskapet er finansielt motivert, bør kommunen klargjere krav til økonomisk resultat/avkasting i samband med handsaming av budsjett og planar.

For dei selskapa og samarbeida der eigarskapen er politisk motivert, bør kommunen syte for at det blir rapportert på ein slik måte at ein etter kvart kan kontrollere at formålet blir oppfylt og at verksemda blir drive rasjonelt.

Alle selskap mv. som kommunen eig fullt ut eller eig meir enn 50 %, skal kvart år utarbeide fyldig årsmelding etter instruks frå kommunen.

På strategisk viktige selskap der kommunen ønskjer aktiv eigarskapsstyring skal det utarbeidast budsjett og strategiplan.

På dei selskapa som har budsjett og strategiplan skal det særskilt bli kommentert om og i kva utstrekning måla er nådd.

Også elles når kommunen eller styret finn grunn til det, skal det lagast slik informasjon.

Alle selskap mv. som kommunen eig fullt ut eller eig meir enn 50 %, skal sende innkallingar til generalforsamlingar og representantskapsmøte til kommunen så tidleg at sakene kan leggjast fram for Kommunestyret til

handsaming. Kommunen vil arbeide for at selskap mv. der kommunen eig mindre enn 50 % også skal sende innkallingar til generalforsamlingar og representantskapsmøter til kommunen så tidleg at sakene kan leggjast fram for kommunestyret til handsaming, og at det kvart år skal utarbeidast fyldig årsmelding, der det særskilt blir kommentert i kva utstrekning måla er nådd.

- Kommunen vil ved handsaming av innkalling til generalforsamling, representantskap o.l. vurdere kva krav til økonomisk resultat/avkasting, eventuelt andre krav, som skal stillast. Det bør også vurderast om det er naudsynt å endre selskapet/samarbeidet sine formål og oppgåver.
- Alle innkallingar til generalforsamling, representantskap o.l. skal også sendast kontrollutval/revisjonen.

#### 4.6 Eigarmøte

Kommunen bør arbeide for å skaffe informasjon frå sine selskap og samarbeid, i tillegg til årsmelding/rekneskap.

Det bør i tillegg haldast minst eit årleg eigarmøte der alle selskapet kommunen har eigarskap i blir inviterte, der kan kommunestyret få informasjon om selskapet sine verksemder. Dette vil nå mange politikarar (og andre), og ut frå dette kunne gje større eigarkjensle til selskapet, samstundes som selskapet kan få verdifull informasjon og innspel i ei meir uformell ramme.

KS rår til at det jamleg blir gjennomført eigarmøte for å bidrage til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet. Eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet.

Nokre gonger har eigarane behov for å drøfte strategiar seg imellom utan å treffe formelle vedtak, og dette bør kunne gjerast utan å kalle inn til møte i generalforsamlinga eller representantskapet etter dei formelle reglane i lova. Eit eigarmøte er ikkje lovregulert og er berre ein uformell arena der det ikkje skal treffast vedtak. I tillegg bør det ikkje leggjast føringar eller «gjevast signal» i eigarmøte som kan vere med å gripe inn i styret sitt myndigheitsområde. Eigarmøta er uforpliktande for eigarane og for selskapet.

- Kommunen og selskapet vurderer jamleg behov for å gjennomføre eigarmøte.
- Kommunen sine selskap skal minst ei gong i året ta initiativ til å halde eigarmøte med kommunestyret der alle selskap blir kalla inn.

#### 4.7 Eigarorganet si samansetjing og funksjon

Eigarorgana er for eit AS, generalforsamlinga, for IKS er det representantskapet, og for dei andre selskaps- og samarbeidsformene er det sett ut frå avtalegrunnlaget/vedtekten.

Samhandlinga mellom kommunestyret og eigarorganet er ikkje regulert. Eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapet og gjennom kommunestyret for foretaka. For selskapsformene AS og IKS bør det for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet sin

myndigkeit, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyre og eigarorganet som blir forankra i eigarskapsmeldinga.

I eigarskapsmeldinga er ordføraren vald til fast representant i generalforsamlingar og representantskap. Ved vala for inneverande periode blei den ordninga vidareført, med varaordføraren som vararepresentant. For IKS (IKS-lova § 6) så vel kommunestyret kven som er kommunens representantar, og det er ikkje høve til å gje andre fullmakt. Difor bør det oppnemnast meir enn ein vararepresentant for å sikre at kommunen alltid kan stille.

Kommunen kan i tillegg ha personar i selskapa sine styringsorgan (styret i AS og IKS), men desse bør skiljast frå den/dei person(ar) som representerer kommunen sine eigarinteresser. Her er habilitet eit nøkkelord. Sjå også KS tilråding om eigarskap nummer 9.

- Ordføraren er kommunen sin faste representant i eigarorgan, med varaordføraren som vararepresentant. Evt. ein ekstra vararepresentant i IKS, jfr. ovanfor.
- Dersom formålet med selskapet er reine driftsoppgåver, kan administrasjonen sitje i eigarorganet.

#### **4.8 Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte**

Dei formelle eigarmøta er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som kallar inn. Vedtak om innkallingsfrist bør takast inn i vedtekten, slik at det blir tatt omsyn til kommunen sine behov for å ha tid til å handsame aktuelle saker. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap. Andre styremedlemmer har rett, men ikkje plikt. Revisor har rett til å vere tilstades, og nokre gonger plikt når dei saker som skal handsamast gjer dette naudsynt.

For IKS har styret sin leiar og dagleg leiar plikt til å vere til stades på representantskapsmøte. Dette gjeld ikkje for revisor, men det blir rødd til å følgje aksjelova sine reglar på dette punkt.

Gjennom IKS-lova er representantskapet tillagt fleire oppgåver enn generalforsamlingar i eit aksjeselskap. Representantskapet skal fastsetje budsjett, økonomiplan og rekneskap. Vedtak om sal eller pantsetting av fast eigedom eller andre større investeringar er også tillagt representantskapet. Denne avgjerda gjev i utgangspunktet representantskapet større innverknad over forvaltinga av selskapet enn generalforsamlinga i aksjeselskap.

Ordføraren stiller med bunde mandat når det gjeld saker på generalforsamlinga som kommunestyret har handsama. Kommunestyret si formulering kan vere eit klart politisk krav, og vedtaket tilseier i alle tilfelle at ordføraren så langt som mogleg må sikre seg at han kan handle i tråd med kommunestyret sine direktiv.

For å sikre kommunestyret sin tilgang til kontroll og oppfølging, bør det vere ein regel om tilbakemelding frå ordføraren til kommunestyret.

- Ordføraren må på eigarorganet sitt møte følgje opp kommunestyret sine direktiv i saker som kommunestyret har tatt stilling til.

- Ordføraren må sørge for hensiktsmessig tilbakemelding til Kommunestyret om informasjon og vedtak som kjem fram i eigarorgana.

#### 4.9 Samansetjing av styret

Det er eigaren sitt ansvar å syte for at styret blir sett saman og blir gjeve dei naudsynte styringsrammene for å utøve sitt virke som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium er sett saman av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansemessig.

Å take på seg eit styreverv i eit aksjeselskap eller interkommunalt selskap, er eit personleg verv. Det betyr at ein ikkje representerer korkje partiet, kommunen eller andre interessentar, men ivaretok bedrifta sine interesser på best mogleg måte saman med resten av styret og ut frå selskapet sitt formål. Det følgjer naturleg av at det profesjonelle eigarskapet blir utøvd gjennom eigarorgana.

Eigar må føretake ei naudsynt analyse av selskapet sitt formål og eigar sine forventningar som grunnlag for å setje saman eit profesjonelt styre. Eigar har også ansvar for å syte for at styra fungerer som eit kollegialt organ.

Ein føreseieleg og fagleg forankra styreoppnemning vil skape tryggleik inn i styret ved ny rekruttering, og syte for at den naudsynte kompetansen er representert.

Styreansvaret har heimel i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Eit styre bør ha generalist- og fagspesifikk kompetanse. Formålet for dei kommunale selskapa er ulikt, frå t.d. finansielt, politisk eller meir samfunnsnyttig motivert eigarskap. Det inneber at kompetanse må sjåast i ljós av selskapet sitt formål. Eit profesjonelt samansett styre har kompetanse som er naudsynt for å oppfylle eigaren sine forventningar. Styret er også eit kollegialt organ og kompetanse skal også sjåast i ljós av kvar enkelt medlem sitt personlege bidrag i form av spesifikk eigenskap.

Følgjande er forslag frå KS Eierforum til styremedlemene sin samla kompetanse og personlege eigenskap som utgangspunkt for eigaren si vurdering av styresamansetjing.

#### 4.10 Krav til kompetanse i styret/styremedlemer

- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova, andre relevante lover, forskrifter og avtaler som har betydning for selskapet si drift.
- Kunnskap om selskapet sitt formål, vedtekter, organisasjon og historie.
- Kompetanse om private og kommunale reknesaksprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og føretake rette grep når det er naudsynt.
- Kompetanse på offentleg forvaltning og dei politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid.
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire områd som for t.d. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMS, leiing, organisasjon.
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innanfor bransjen.
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemder.

#### **4.11 Krav til eigenskap, styremedlemmer/styret**

- Glede av, og vilje til, å jobbe for å oppnå gode resultat.
- Ha glede av å få tilført kontinuerleg kompetanse.
- Ha mot til å stille kritiske spørsmål til dageig leiar og andre i styret.
- Ha evne til å finne fram til løysingar som styret samla kan gå for.
- Ha evne til å stille spørsmål utan å ha svaret.
- Ha evne og vilje til å prioritere tid til arbeidet i styret.
- Høg integritet, her under evna til å teie om forretningsmessige transaksjonar og strategiske vedtak.
- Ha evne til å akseptere at ein ikkje alltid tilhører fleirtalet og dersom noko går galt, fråfalle behovet for å påpeke "Kva var det eg sa".
- Ha evne til å gje selskapet eit godt omdøme.
- Ha evne til å tilegne seg spesiell kompetanse om selskapet.
- Å akseptere at styreleiar er styret sin talmann ut.

Nokre av selskapa har krav til kompetanse hjå styremedlemene nedfelt i vedtekten.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i kommunen til styremedlemer i selskap som kommunen har eigenandelar i, bør kommunen vurdere kor ofte vedkomande vil bli inhabil.

- Ved val til styre, skal kommunen sikre at styret samla får den naudsynte kompetanse.
- Kommunen skal gje alle personar som blir vald til selskapsorgan og liknande tilpassa opplæring.
- Dersom inhabilitet vil skje ofte, må kommunen vurdere om dette vil gjøre det uhensiktsmessig å velje den aktuelle personen til styremedlem.

#### **4.12 Valkomité for styreutnemningar i AS og IKS**

Det er ikkje kjent i kva utstrekning det blir brukt valkomitear til førebuing av styreval i selskap og samarbeid. Med unntak for Agder Energi AS, er nok ikkje dette vedtektsfesta i selskapa.

For selskap mv. som kommunen eig heilt ut, eller der kommunen direkte skal velje representantar, førebuast personala av kommunen sin valkomité.

KS rår til at valkomité blir vedtektsfesta for selskap.

Eigar står fritt til å endre styresamsetjinga uavhengig av valperiode. Heile styret bør normalt ikkje skiftast ut samstundes for å sikre kontinuitet og vidareføring av kompetanse. Det kan difor vere hensiktsmessig med ein overlappande valperiode for ulike styremedlemer.

- Ordføraren vurderer om det er behov for eigen valkomité i selskap.

#### **4.13 Kjønnsmessig balanse i styra**

I kommunelova er det eit generelt krav til 40 % representasjon av kvart kjønn ved val. I lov om IKS (§10) og AS (§20-6) finns tilsvarende regel, og det er innført tilsvarende reglar (koml. §21-1) for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst 2/3 av aksjane.

- Ved val til styre o.l. med fleire enn 3 medlemer i selskap og samarbeid, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 %.

#### **4.14 Rutinar for å sikre rett kompetanse i selskapsstyra**

Kommunen har for sin del ikkje hatt systematisk opplæring av dei personane dei vel til styre o.l. Eigarskapsmeldinga har stilt krav til selskapa om at dei sjølv syter for naudsynt skolering. Det bør oppretthaldast. Vidare bør det stillast krav til at styra utarbeider styreinstruks og instruks for dagleg leiar. Ein god del av selskapa har alt gjort dette. Kommunen må også vurdere kva slags kompetanse ein treng i eit styre, og velje personar etter det. Politisk erfaring og tilhøyring er berre ein type kompetanse.

- Selskapa og samarbeida skal sjølve vurdere kva for skolering som er naudsynt for styremedlemer, og syte for at slik skolering blir gitt så snart som mogleg etter at ein vald representant er trått i funksjon. Ved behov skal skolering gjevast løypande.
- Styra skal utarbeide styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ein klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Styra skal årleg gjennomføre ein eigenevaluering.

#### **4.15 Styresamansetting i konsernmodell**

Styret i morselskap bør ikkje sitje i styret til datterselskap fordi styret i morselskap utgjer generalforsamling i datterselskap. Avgjerda er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Særleg må ein vere oppmerksam på problemstillingar knytt til anbod og inhabilitet dersom eit av selskapa gjev inn anbod til eit anna selskap i same konsern.

#### **4.16 Oppnemning av vararepresentantar**

Det anbefalast at der det skal veljast vararepresentantar til eit styre, skal det veljast vararepresentantar i rekkje, ikkje personlege. Dette for å betre kontinuitet og kompetanse. Dette vil krevje vedtektsendring i enkelte selskap.

#### **4.17 Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra**

Det finst habilitetsreglar for den interne verksemda i selskapa i særlovinga, dvs. i lovene for AS, IKS og stiftelsar. Selskapa må sjølvsagt sjå til at desse blir følgd. Erfaringsmessig har desse reglane skapt få problem.

Det er dessutan generelle habilitetsreglar i forvaltningslova (§6), der ein bl.a. blir inhabil i kommunens handsaming dersom ein er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga i eit selskap som er part i saka. Desse reglane er stramma inn i det siste.

Kommunen bør difor ikkje velje personar i styre, dersom dette i neste omgang medfører at dei blir inhabile i kommunale handsamingar som vedkjem selskapet. Ein bør ikkje velje mange leiande politikarar, heller satse på andre. På den måten vil dessutan fleire personar bli aktivisert i selskapa si verksemd. Ordførar og kommunaldirektør bør ikkje sitje i styre i selskap.

- Kommunen skal nøy vurdere habilitetstilhøva ved val av styremedlemer og liknande.

#### **4.18 Godtgjersle til styremedlemer**

I eit AS blir styregodtgjersle fastsett av generalforsamlinga og i eit IKS er det Representantskapet som gjer dette. I andre samarbeidsformer vil det gå fram av avtala/vedtekten.

Eit styreverv er eit personleg verv, og godtgjersla bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Slike styreverv kan medføre både strafferettslege og erstatningsmessige konsekvensar. Godtgjersle i selskap som opererer i marknad med stor risiko, bør reflektere dette.

Styre i selskap der vervet kan tenkjast å medføre økonomisk ansvar, bør teikne styreforsikring for medlemene.

- Kommunen vil føre ei nøktern linje med omsyn til styregodtgjersler, men godtgjersla bør reflektere styret sitt ansvar og risiko, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.
- Selskapa bør vurdere å teikne styreforsikring.

#### **4.19 Registrering av styreverv**

Det blir rådd til at kommunen registrerer verva for ålment innsyn. Kommunen er som folkevald organ avhengig av ålmenta sin tillit når det gjeld både forvaltning og styring. Openheit rundt kva andre rollar lokalpolitikarar har i samfunnslivet er viktig for å unngå mistanke om rolleblanding. Registrering i kommunesektoren sitt eige styrevervregister vil i seg sjølv auka kunnskapen om dei ulike rollane ein lokalpolitikar har, og vil ut frå dette vere til nytte ved vurdering av representantane sin habilitetssituasjon. Det finst også andre aktuelle register for registrering.

- Alle som tar på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva i [KS' Styrevervregister](#).

#### **4.20 Arbeidsgjevartilhøyring i sjølvstendige rettssubjekt**

Det blir tilrådd at selskapa søker medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon. Samfunnsbedriftene (tidlegare KS Bedrift) kan vere eit naturleg val for mange av selskapa.

## **4.21 Utarbeiding av etiske retningslinjer**

Sjå samfunnsansvar over. Kommunen har vedtatt eit eige etisk reglement for si tilsette og politikarar. Dette bør gjerast gjeldande også for tilsette og styre i selskap og samarbeid, dersom verksemda ikkje allereie er undergitt tilsvarende eller strengare reglar.

- Selskap der kommunen er eigar, skal gjennom heilsaksforståing syte for at innbyggjarane får varer og tenester av høg kvalitet til lågast mogleg pris. Selskapa skal syte for effektivitet og langsiktigkeit i si verksemd. Alle prosessar, tenester og varer skal produserast under dei beste forhold for bl.a. økonomi, miljø og sosiale forhold. Selskapa skal bidra til at både kommunen, lokalsamfunnet og bedrifter får best mogleg omdøme.
- Styret skal utarbeide og jamleg revidere etiske reglar for verksemda. Kommunen sine eigne, etiske reglar må gjerast gjeldande som minstestandard for styre og tilsette i bedrifter og samarbeid.

## **4.22 Utøving av tilsyn og kontroll**

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket kan etterlevast og at etiske omsyn blir ivaretatt. Kontrollen kan utførast blant anna gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet er delegert denne funksjonen frå kommunestyret, og har difor ein spesielt viktig rolle i eigarstyringa. Kontrollutvalet skal på kommunestyret si vegne sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet har difor ein veldig viktig rolle i kommunen sin kontroll med eigarskapet sitt. Det er viktig at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår slik at dei har mogelegheit til å utøve sin funksjon på ein god måte.

Kontrollutvalet skal minst éi gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll som skal vedtakast av kommunestyret. Det blir tilrådd at planen seier kva for eigarinteresser og selskap som vil kunne vere aktuelle for kontroll, og i kva grad det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalet gje rapport til kommunestyret om gjennomførde kontrollar, samt resultata av desse.

## **Formålet med selskapskontrollen er:**

1. Sikre at dei reglar som gjeld innanfor vedkomande organisasjonsform og verksemdsområde bli etterlevd i dei verksemder som fell inn under den lov- og forskriftspålagde selskapskontrollen. Utan etterleving av selskapslovgjeving ser ein det særleg påkravd å sikre at Lov om offentlege anskaffingar blir halde. Vidare er arbeidsmiljø- og miljøvernlovgivinga sine reglar i verksemder som er kommunalt eigmiljø, eit viktig kontrollaspekt.
2. Kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser utøver myndigkeitene på den måten som er fastsett i den aktuelle verksemdslova og tar hand om kommunen sine interesser og kommunestyret sine vedtak og forutsetningar vedrørande forvaltninga av eigarinteressene (eigarskapskontroll).
3. Streva etter ein medvitenheit om kva kommunen ønskjer å oppnå ved å etablere verksemder, eller ved å erverve eller eige eigarandelar i verksemder, åleine eller saman med andre eigarar/deltakarar.
4. Vurdere økonomi, produktivitet, måloppnåing og verkingar ut frå Kommunestyret sine vedtak og forutsetningar i dei selskap der dette særskilt er vedtatt (forvaltningsrevisjon).
5. Ein del av kontrollen vil i første omgang vere å sjå etter at kommunen har rutinar for å følgje opp eigarinteressene ved at det blir føreteke kontroll.
6. Det ligg ikkje i selskapskontrollen å føreta kontroll med forretningsmessige disposisjonar, då dette fell inn under styret sitt ansvar. Kommunestyret vil sjå planen for selskapskontroll og eigarskapsmeldinga i samanheng.

## 5. Overordna prinsipp for Bykle kommune si eigarstyring

Det bør fastsetjast prinsipp som rettar seg mot kommunen sjølv, og prinsipp som rettar seg mot selskapa og samarbeida kommunen er eigar av eller medeigar i. Slike prinsipp kan Bykle kommune direkte berre fastsetje der eigarandelen er over 50 %, men ein kan arbeide for å få desse eller tilsvarande prinsipp innført også i andre selskap og samarbeid. Prinsippa baserer seg på tiltaka ovanfor.

1. Ved etablering av nye selskap eller samarbeidsavtaler skal Bykle kommune vurdere kva form som er mest hensiktsmessig m.a. med omsyn til politisk styring og kontroll, habilitet, ivaretaking av publikum sine behov og rettar, og rasjonell økonomisk drift.
2. Ved etablering av nye selskap eller samarbeidsavtaler skal Bykle kommune sjå til at det føreligg ei foremålsvedtak som klart slår fast kva som er selskapet/samarbeidet sine oppgåver og kva krav som blir stilt frå eigaren si side. Kommunen skal med jamne mellomrom vurdere om det er naudsynt å endre eller justere foremålsvedtaka.
3. Bykle kommune skal være ein langsiktig, klar og føreseieleg eigar.
4. Bykle kommune vil i kvar valperiode gje sine politisk valde representantar i Kommunestyret mv. ei innføring i selskapa si verksem og styring.
5. Ved val til styringsorgan vil Bykle kommune sjå til at styret får naudsynt kompetanse. Kvart kjønn skal vere representert med minst 40 %.
6. Vararepresentantar skal normalt veljast i nummerrekkefølgje. Kommunen vil syte for opplæring av dei valde representantane. Styremedlemer i morselskap bør ikkje sitje i styret til datterselskap. Kommunedirektøren og hans/hennar nærmeste medarbeidarar skal normalt ikkje veljast til styringsorgan i selskap.
7. Bykle kommune vil fremje sine eigarsynspunkt i selskapa gjennom eigarorgana.
8. Kommunestyret vel kven som skal representera Bykle kommune som eigar i bl.a. generalforsamlingar i AS, representantskapet i IKS og andre kommunalt eigde selskap.
9. Vald representant er bunde av dei politiske vedtaka der slike føreligg i saker som skal handsamast i selskapa sine eigarorgan.
10. Vald representant må syte for hensiktsmessig tilbakemelding til kommunestyret om informasjon og vedtak i eigarorgana.
11. Bykle kommune vil stå for openheit i alle tilhøve som vedkjem selskap og samarbeid, så som ved etableringa, ved vala og fastsetjing av honorar, ved formuleringa av arbeidsoppgåvane og krava til selskapet/samarbeidet.
12. Selskap eller samarbeid som driv både monopolverksem og konkurranseverksem, skal formelt halde disse verksemndene fråskilde.
13. Bykle kommune vil føretake jamleg selskaps- og/eller forvaltningsrevisjon med selskapa og samarbeida. Kontrollen skal gjerast av kontrollutvalet, etter plan godkjent av Kommunestyret.

## 5.1 Ønska, overordna prinsipp for kommunen sine selskap og samarbeid:

1. Selskap og samarbeid der kommunen er eigar, skal gjennom heilheitstenking syte for at innbyggjarane får varer og tenester av høg kvalitet til lågast mogleg pris. Selskapa skal syte for effektivitet og langsigtheit i sin verksemnd. Alle prosessar, tenester og varer skal produserast under dei beste tilhøve for bl.a. økonomi, miljø og sosiale forhold. Selskapa/samarbeida skal bidrage til at både kommunen, lokalsamfunnet og bedrifa får best mogeleg omdøme.
2. Styret skal utarbeide etiske regler for verksemda. Kommunen sine egne etiske reglar skal gjerast gjeldande som minstestandard for styre og tilsette i bedrifter og samarbeid.
3. Alle selskap mv. som kommunen eig fullt ut eller eig meir enn 50 %, skal kvart år utarbeide fyldig årsmelding etter instruks frå kommunen. På strategisk viktige selskap der kommunen ønskjer aktiv eigarskapsstyring skal det utarbeidast budsjett og strategiplan. På dei selskapa som har budsjett og strategiplan skal det særskilt bli kommentert om og i kva utstrekning måla er nådd. Også elles når kommunen eller styret finn grunn til det, skal det utarbeidast slik informasjon.
4. Alle selskap mv. skal sende innkallingar til generalforsamlingar, representantskapsmøte o.l. til kommunen så tidleg at sakene kan føreliggjast kommunestyret til handsaming.
5. Alle selskap skal minst ei gong i valperioden take initiativ til å halde eigarmøte med kommunestyret.
6. Alle selskap mv. skal sjølv vurdere kva slags skolering som er naudsynt for styremedlemer, og syte for at slik skolering blir gitt så snart som mogleg etter at ein vald representant er sett i funksjon. Ved behov skal skolering gjevast jamleg.
7. Styra skal utarbeide styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
8. Styra skal årleg gjennomføre ein eigenevaluering.
9. Alle selskap bør vurdere å teikne styreforsikring.
10. Alle selskap med arbeidstakrar bør vere medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon.
11. Alle selskap mv. skal vere mest mogleg opne om alle forhold, med unntak ved handsaming av saker underlagt teieplikt, personalsaker, saker av forretningsmessig karakter, og liknande.
12. Alle selskap mv. skal i størst mogleg utstrekning halde møter i eigar- og styringsorgan som opne møte der lova ikkje er til hinder for det, med unntak ved handsaming av saker underlagt teieplikt, personalsaker, saker av forretningsmessig karakter, og liknande.
13. Sakshandsamingsprinsippa i forvaltningslova, arkivlova og lov om offentlege anskaffingar gjeld for selskapa og samarbeida.

Kommunen vil arbeide for at reglane ovanfor, eller tilsvarande reglar, blir innført i alle selskap og samarbeid der kommunen er eigar eller deltar i.

## 5.2 Oversikt over Bykle kommune sine eigar- og samarbeidsrelasjoner

